



VEDTEKTER FOR HAREIDSSTEMNA

§1 Namn

Arrangementet heiter Hareidsstemna.

§2 Målsetjing

Visjonen er å føre vidare det beste i fortid og notid til nye generasjonar ved årleg å gjennomføre ei stemneveke. Tiltaket skal vise eit tverrsnitt av kulturlivet, først og fremst slik det utfaldar seg i bygdene våre, men også ved å hente inn krefter utanfrå. Gjennom dette vonar ein samstundes å gje inspirasjon og kveik til ny innsats i det mangfald av aktivitetar som finst i kommunen vår.

Om ikkje særlege grunnar talar mot, vert Hareidsstemna gjennomført i veke 42.

§3 Styret

Styret si hovudoppgåve er å gjennomføre Hareidsstemna kvart år i tråd med målsetjinga, og innanfor økonomisk trygge rammer.

Styret for Hareidsstemna skal vere samansett av fire styremedlemmar og ein styreleiar, valde av generalforsamlinga for to år om gongen, og to vararepresentantar valde for eitt år.

Styret konstituerer seg sjølv, utpeiker stemneleing og kan i tillegg utpeike ein rekneskapsførar for stemna.

Styret er vedtaksført når minst halvparten av styremedlemmane er til stades.

To styremedlemmar kan saman krevje at det vert innkalla til styremøte.

§4 Organisering


Arbeidet i styret vert fordelt på fem nemnder: Program, PR/Media, Økonomi, Artistservice og Teknisk. Kvar av nemndene skal bestå av minimum ein person samt ein av styremedlemmane, og bør velgast av generalforsamlinga.

§5 Generalforsamling

Hareidsstemna er eigd av alle ideelle lag og organisasjonar som er registrert på nettsida til Hareidsstemna, og dei kan ha ein representant med røysterett på generalforsamlinga.

Innkalling skal vere ute seinast tre veker før generalforsamlinga, og det skal skje gjennom annonsering i lokalpressa og på www.hareidsstemna.no. Dagsorden og sakspapir til generalforsamlinga skal vere tilgjengelige på www.hareidsstemna.no seinast ei veke før generalforsamlinga.

Generalforsamlinga skal ha møte ein gong i året, før utgangen av februar, og ta opp følgjande saker:



1. Godkjenning av innkalling, dagsorden og representantar til generalforsamlinga.
2. Val av møteleiar, referent og to til å underskrive protokollen.
3. Godkjenning av framlagd rekneskap, budsjett og årsmelding.
4. Drøfte framlagd evaluering av sist gjennomførde Hareidsstemne.
5. Velje representantar og vararepresentantar til styret og nemnder.
6. Velje valnemnd på tre representantar.
7. Velje revisor for eitt år om gongen.
8. Innkomne saker.
9. Drøfte eventuelle nye idear for tiltak i stemneveka.

§6 Ekstraordinær generalforsamling

Ekstraordinær generalforsamling kan innkallast dersom minimum ein tidel av eigarane krev det.

§7 Endring av vedtektene

Vedtektene kan endrast av generalforsamlinga med røystene til minst 2/3 av representantane med røysterett.

§8 Oppløysing

Oppløysing av Hareidsstemna kan berre gjerast av to påfølgande generalforsamlingar med minimum åtte vekers mellomrom, og med røystene til minimum 2/3 av representantane med røysterett.